# Fjaler Venstre

MILJØ • NÆRING • FOLKESTYRE • LIVSKRAFTIGE LOKALSAMFUNN




## Likt tilbod på heimetenester!



Ill.foto: Ål kulturhus

## Fjaler treng hotell og moderne kultur-scene med amfi!



## Ingen eige-domsskatt!

venstre

KOMMUNEVALET 2007

MENNESKET I SENTRUM

STEM VENSTRE

V er eit sosial-liberalt sentrumsparti som vil vektlegge miljø, folkestyre og aktive, livskraftige lokalsamfunn

V set mennesket i sentrum: det sosialt engasjerte, det skapande og det kritisk tenkande mennesket

V ynskjer respekt for einskildmennesket og ansvar for felleskapen, fridom – men utan egoisme



1. Gudmund Solheim
6963 Dale, 62 år
bedriftsassurandør i If.

**Ordførarkandidat for Venstre.**
**Gudmund har brei politisk røynsle, kjenner kommunen særs godt, og vil vere ein lyttande, ryddig og dyktig talsmann for Fjalersamfunnet. Gudmund er spesielt oppteken av helse-, samferdsle- og næringspolitikk**



2. Laila Svorstøl
6967 Hellevik, 46 år
hjelpepleiar i Fjaler kommune



3. Johnny Haugsbakk
6968 Flekke, 38 år
adm. direktør i Elis AS



4. Marit Mjellem
6963 Dale, 45 år
sjukepleiar i Fjaler kommune



5. Ørjar Eiken
6967 Hellevik, 36 år
bonde



6. Frank Igelkjøn
6968 Flekke, 38 år
kjøpmann på Joker Flekke



7. Liv Sandsund
6963 Dale, 60 år
lærar på Dale vidaregåande skule



8. Janne Grethe Ulvik Fristad
6967 Hellevik, 32 år
assistent i Våge barnehage



9. Kent Gunnar Stølen
6963 Dale, 25 år
lærar på Våge skule



10. Evelyn Åsnes
6969 Straumsnes, 34 år
skuleelev



11. Kees Erstad
6964 Korssund, 19 år
student



**12. Hilary Hamper**
6968 Flekke, 49 år
helsesøster ved United World College



**13. Jostein Sylta**
6963 Dale, 59 år
føretaksøkonom og rekneskaps-førar



**14. Therese Sande Kleppe**
6967 Hellevik, 28 år
ped. leiar i Våge barnehage



**15. Arne Osland**
6968 Flekke, 43 år
utviklingsdirektør ved United World College



**16. Elfrid Solheim**
6963 Dale, 44 år
fagarbeidar i SFO på Dingemoen skule



**17. Hogne Kvangarsnes**
6968 Flekke, 52 år
lærar ved Fjaler vaksen-opplæring



**18. Åsta Namtvedt**
6967 Hellevik, 62 år
husmor



**19. Terje Høivik**
6963 Dale, 36 år
grafisk designar i Fasit Media AS



**20. Solbjørg Samdal**
6968 Flekke, 55 år
bonde/barnehageass. i Flekke barnehage



**21. Kent Werner Myklebust**
6963 Dale, 27 år
maskinførar



**22. Ann Lisbeth Heggheim**
6968 Flekke, 36 år
lærar på Dale vidaregåande skule



**23. Christian Nitter**
6963 Dale, 70 år
pensjonist

## Størst framgang!

Venstre hadde den største framgangen av partia i Fjaler ved kommunevalet i 2003. Med over 16% av røystene auka partiet frå 2 til 4 mandat i kommunestyret: Gudmund Solheim, Anne Erstad, Johnny Haugsbakk og Hogne Kvangarsnes – med Ørjar Eiken, Arne Osland og Laila Svorstøl på varaplass.



**24. Jonny Pedersen**
6968 Flekke, 43 år
sivilingeniør i Ipsas AS



**25. Irene Brendehaug**
6967 Hellevik, 24 år
student



**26. Arne Strand**
6968 Flekke, 46 år
byggeleiar i Statens Vegvesen



**27. Annika Tveit**
6963 Dale, 31 år
lærar på Våge skule



**28. Arne Eiken**
6967 Hellevik, 61 år
sjølvstendig næringsdrivande



**29. Thora Hovland**
6963 Dale, 64 år
lærar på Dingemoen skule

# Fjaler Venstre

## VERDSET NATUR OG MILJØ

**Venstre vil:**

- at miljøperspektivet skal vektleggjast i kommunal planlegging og forvaltning
- utarbeide lokal klimaplan, og eige investeringsprogram for ENØK-tiltak i kommunale bygningar
- ha ei restriktiv haldning til hyttebygging i uregulert område
- vere pådrivar for ei mest mogeleg miljøvennleg avfallshandsaming
- utvikle vidare sentrumsmiljøet i Dale i samarbeid med næringsliv og frivillige organisasjonar

## EIN OFFENSIV NÆRINGS-POLITIKK

**Venstre vil:**

- gi Luteland-prosjektet høg prioritet i samarbeid med Fjaler Næringsutvikling (FNU) og HAFS-kommunane
- ivareta og vidareutvikle arbeidsplassar knytta til eksisterande verksemder i Fjaler
- at FNU skal vere ein aktiv pådrivar i arbeidet for nyskaping
- legge til rette for hotell-etablering med kurs- og konferansetilbod i Fjaler
- gå i mot innføring av eigedomsskatt
- stimulere reiselivsnæringa gjennom regional samhandling
- vere pådrivar for aktiv marknadsføring av arbeidsplassar i Fjaler
- gå inn for tilrettelegging av både "lettare" og "tyngre" næringsareal
- at primærnæringane framleis må vere ein berebjelke i kommunen
- at kommunen som arbeidsgivar har færrast mogleg tilsette på engasjement og vikariat
- ha god tilgang på tomter og utleigebustader
- legge til rette for variert bustadbygging i alle delar av kommunen

## SATSING PÅ SAMFERDSLA

**Venstre vil:**

- arbeide for Dalsfjordbrua med oppstart i 2009
- arbeide for framleis flyplass på Bringeland
- gå inn for parsellvis opprusting av riksveg 57
- ha tenlege ferje- og båtavgangar, og halde på busstilbod/pendlarruter for ungdom
- følgje opp satsinga på oljegrusing og førebyggjande vedlikehald av kommunale vegar
- fullføre gatebruksplanen i Dale, og arbeide for trygge gang- og sykkelvegar til skular og barnehagar i heile kommunen
- vere pådrivar for oppgradering og utbygging av tenestetilbodet for TV og breiband i heile Fjaler
- jobbe for dagleg postombering i alle delar av kommunen

## AKTIVT HELSEVERN – TRYGG SOSIAL OMSORG

**Venstre vil:**

- arbeide for likt tilbod for heimetenester i heile kommunen
- ivareta dei funksjonshemma sine rettar
- stø opp om førebyggjande arbeid og helseopplysning, og oppmuntre den einskilde borgar til aktivt å ta vare på si eiga helse
- yte tilskot til krisesenteret
- føre ein ansvarleg alkoholpolitikk, og yte tilskot til rusførebyggande arbeid

## SLÅ RING OM SKULEN

**Venstre vil:**

- ha ein skule der eleven står i sentrum
- halde fast på skulestrukturen der elevtalet tilseier det
- oppretthalde ungdomsskuletilbodet i Våge
- stø opp om det vidaregåande skuletilbodet i Dale
- motivere ungdom til å ta utdanning som det er trong for i regionen vår
- arbeide for eit desentralisert barnehagetilbod
- fullføre opprustinga av Fjaler ungdomsskule

## LA KULTUREN OG IDRETTEN BLØME

**Venstre vil:**

- arbeide for å få reist ei moderne kulturscene med amfisal i Fjaler
- stimulere det frivillige engasjementet gjennom løyvingar
- gi kulturskulen best mogeleg innhald
- at skuleanlegga må få fullgod utnytting som kulturelle møtestadar
- ivareta lokale verdiar og lokale stiftingar, og samstundes dra nytte av impulsar knytta til UWC og kunstnarsenteret
- støtte ungdomsklubb-arbeidet i kommunen og kinodrifta i Dale
- oppretthalde bibliotek- og bokbusstilbodet

## FJALER KOMMUNE – EIT LEVANDE FELLESSKAP

**Venstre vil:**

- at fleire må vere med, påverke og ta ansvar for utviklinga i sitt eige nærmiljø. Folkestyre krev deltaking og engasjement, og tillit mellom veljar og folkevald
- at fleire kommunale oppgåver og tenester kan løysast gjennom interkommunalt samarbeid
- ha garantiar om langt betre kommunikasjonar før ei eventuell kommunesamanslåing i HAFS
- innbyggjarane skal vere sikra lett tilgang til sakspapir - også gjennom bruk av ny teknologi, og rask sakshandsaming
- at kommunen fortløpande vurderer forvaltning av verdiar på beste måte for innbyggjarane
- utarbeide plan for kompetanseutvikling for dei tilsette i kommunen
- gi ungdommens kommunestyre meiningsfulle arbeidsoppgåver

eko
Miljøvenleg papir